



Magne Heggøy med klatreføreren som har vorte ein suksess

Rabben-leiar Magne Heggøy slår fast at det så langt har vore ein fantastisk sommarsesong. Fleire klatrarar er her ein viktig plussfaktor. Han konkluderar med at det har vore ein trafikkauke på 20 prosent.

Fordelinga mellom nasjonalitetar er no 60 prosent tyskarar, 30 prosent nordmenn og 10 prosent hollenderar ved det populære ferisesenteret.

Det er no no om dagen fullt på hyttene men framleis plass til fleire telt og ytterlegare 10-15 bubilar. Ein interessant tendens denne sommaren er at det har vore langt fleire telt-turistar enn tidlegare.

- Og klatre-eldoradoet i Nåså er iferd med å slå igjennom for alvor ?
 - Ja, det er det ingen tvil om. Det kjem klatrarar frå heile landet og dei andre nordiske landa. Og ikkje berre det. For stutt tid siden hadde vi vitjing av nokre danskar som var her for å produsera ein dokumentar. Ellers kjem det gjerne 7-8 i slengen for å klatra.

Ekspansjonen av klatrarar er ikkje mindre enn fantastisk og det er ikkje tvil om at den grundige føreren har ein stor del av æra for det. Så langt har vi seld 30 eksemplar av han og det er uproblematisk å få tak i fleire.

- Men det har vore ein endring på den tyske marknaden?
- Ja, veteranen frå Bayern, har trappa noko ned av personlege
gunnar, men det er meir enn kompensert av vår nye
byråkontakt i Berlin. Dei tyske fiskarane sviktar ikkje.
Og det kjem fleire av dei enn før.

- I år er det vel lett å passera ein million i omsetnad...
- Det vil eg tru. Og eg veit kva vi skal nytta overskotet til.
Det går til nye investeringar i anlegget!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen